



Sentrale personar på turen til Hauglandsfjellet: Mari Teigen Varanes, Karen Anna Kleppe, Annemor Ekeland og Wermund Vetrhus.

Torsdag var eit team frå TV2 på Hauglandsfjellet saman med Annemor Ekeland og Mari Teigen Varanes frå Nei til vindmøller i Kvinnherad og grunneigar Wermund Vetrhus. Bakgrunnen for turen til dette vakre fjellområdet, var at TV2 skulle laga innslag om kampen mot bygging av vindturbinar



Journalist Karen Anna Kleppe saman med kamerafolka.

Aksjonsgruppa Nei til vindmøller i Kvinnherad har arbeidd svært aktivt og godt i denne viktige kampen mot vindkraftutbygging. Ein viktig del av dette arbeidet har vore retta mot media. Dei set sjølvsagt pris på at TV2 har fatta interesse for dette, og kom med eit team på tre personar. Det var journalist Karen Anna Kleppe og to som arbeider i den tekniske delen av produksjonsavdelinga. Karen Anna Kleppe frå Valen jobbar no i TV2, men vi kjenner henne frå tida som lovande og særdeles dyktig, ung journalist i Kvinnheringen.

No gjeld det å følgja med på TV2 dei næraste dagane. Truleg kjem innslaget frå Hauglandsfjellet i dag eller i morgon. Søndag kl. 11 skal Annemor Ekeland delta i ei direktesending frå Bergen på TV2. Ho seier at ho håpar at det vert vist frå fjellturen deira då og.

Det er elles grunn til å minna om at det framleis er tid til å senda høyringssvar i vindkraftkampen. Det er svært enkelt å gjera det, men fristen er alt på komande tirsdag(1.oktober). Det er berre å gå inn [HER](#), klikka på **Send inn høyringssvar**, og så er resten veldig greitt.



I arbeid med innslaget

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Deltakarane på turen.